



Saksframlegg

Arkivreferanse: 2024/1168-36

Sakshandsamar: Hilde Øyane

Saksgang

Utval	Møtedato	Saksnummer
Ungdomsrådet		

Høring oppvekstplan

Saksframlegg godkjent .

Bakgrunn for saka

Ei ny barnevernsreform kom på plass 01.01.22. Målet med reformen er at kommunane skal *styrke arbeidet sitt* med **førebygging, tidleg innsats og samhandling**. Hjelpa skal bli betre tilpassa barn og familiane sine behov. Difor må kvar kommune lage ein plan som viser korleis kommunen har tenkt å arbeide med å fremme gode oppvekstvilkår. Planen må vise kva for tiltak kommunen skal arbeide med for å førebygge at barn og unge blir utsett for omsorgssvikt eller utviklar åtferdsvanskar.

I tillegg skal planen også synleggjere at **brukarmedverknad** står sentralt. Born, unge og føresette skal bli lytta til, bli høyrte og få delta i løysingar til det beste for den det gjeld.

Konklusjon

I prosessen med oppvekstplanen har barn, unge, føresette og tilsette kome med innspel. Desse innspela har saman med nasjonale føringar gitt grunnlaget for arbeidet med planen. Som representantar for ungdomsrådet er det viktig at de no får lese forslaget til lokal del og får høve til å seie dykkars meining om planen.

Kommunedirektørens tilråding

Kommunedirektøren ser det som viktig at Tokke ungdomsråd blir involvert i høyringsarbeidet kring ny oppvekstplan for kommunen.